



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 01.11.2017

Vår ref.: 2017/9671

Arkivnr.: 461.5

Røvær Fjordbruk AS  
Flakkavågsvegen 12  
5694 ONARHEIM

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Røvær Fjordbruk AS – Løyve etter forureiningslova og forureiningsforskrifta til utfylling i sjø ved eigedomane 27/42 m.fl., Hillerøya, Røvær, Haugesund kommune**

Fylkesmannen i Rogaland har ferdigbehandla søknaden frå Røvær Fjordbruk AS av 05.09.2017, og har på visse vilkår vedteke å gje løyve etter forureiningslova og forureiningsforskrifta til utfylling i sjø. Vilkåra for løyve står på sidene 5-6. Me vedtar gebyr for vårt arbeid av saka.

Løyvet omfattar utfylling av ca. 15 000 m<sup>3</sup> sprengstein, som samla vil røra eit ca. 2200 m<sup>2</sup> stort sjøbotnareal.

**Vedtaka kan klagast på innan tre veker frå dette brevet er mottatt.**

Me viser til søknad datert 05.09.2017 der Alsaker Fjordbruk AS søker på vegne av Røvær Fjordbruk AS om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved eigedomane 27/42 m.fl., Hillerøya, Røvær, Haugesund kommune. Det blir og vist til andre dokument i saka.

### **Søknad/bakgrunn**

Det vert søkt om løyve til å fylla ut ca. 15 000 (± 1500) m<sup>3</sup> sprengsteinmassar i sjø, utfyllinga vil få ei kote på + 1,5 meter. Utfyllinga vil røra eit sjøbotnareal på ca. 2200 (± 100) m<sup>2</sup>. I utgangspunktet er utfyllinga planlagt gjennomført med gravemaskin og/eller dumpar frå land, men avslutning av fyllinga vil kunne gjerast med lekter for å etablere ein motsats som eit forebyggjande tiltak mot utrasing. Sprengsteinmassen som det søkast å nyttast til utfyllinga, består av stadeigne dokumentert reine massar av bergarten gabbro. Føremålet med utfyllinga er å utvida tiltakshavars landbase/kaiområde blant anna grunna auka aktivitetsnivå, talet båtar og storleiken på forbåtar. Utfyllingsområdet er ein undervassgrunne/undervassflu på 3-5 meter djup, som er vorte identifisert som eit veileigna areal for utviding/utfylling. Då utfyllinga kjem på undervassflua vil den ifølge søknaden ikkje koma i konflikt med hovedleia. Tiltaket vert planlagt gjennomført innanfor perioden november 2017 – januar 2018. Alsaker Fjordbruk AS er i søknaden sett opp som ansvarleg entreprenør for tiltaket.

### Miljøtilhøve:

Ei sak skal vera så godt opplyst som mogleg før vedtak treffast, jf. forvaltningslova § 17, naturmangfaldlova § 8 og forureiningsforskrifta § 36-2 .

### *Naturmangfald*

Ifølge temakart-rogaland<sup>1</sup> er det registrert skjelsand i heile tiltaksområdet, skjelsandførekomsten er registrert som svært viktig («verdi A»). Resipientanalyse blei engasjert for å vurdere<sup>2</sup> botn typen ut frå tilsendte undervassbilete. Vurderinga deira var at heile det omsøkte utfyllingsområdet består av hardbotn. Fiskeridirektoratet region Sør og Fiskarlaget Vest uttalte i samband med søknaden til tiltakshavar om dispensasjon frå arealføremål i plan, at det er registrerte fiskeområde like utanfor tiltaksområdet med aktive reiskapar etter sild (mai-august), makrell (mai-november) og sei (januar-desember), det er òg registrerte kaste- og låssettings plassar i området for nemnde arter.

### *Vassførekomst*

Ifølge vassmiljø er tiltaksområdet ein del av vassførekomsten «Røværosen» som er definert som «Moderat eksponert kyst». Økologisk tilstand er definert som «god», og kjemisk tilstand er «undefinert». Forventa tilstand for perioden 2022-2027 er økologisk tilstand «god» og kjemisk tilstand «oppnår god».

### *Botntilhøve og sediment*

Sjøbotnen på undervassflua er ifølge Resipientanalyse-rapporten hardbotn. Ifølgje søknaden er det lavt/moderate straumforhold inne ved Storakast. Det er planlagt å nytta eit siltgardin som mildnande tiltak mot eventuell partikkelspreiing, det vil òg vera eit ekstra siltgardin i beredskap. Plassering av siltgardinet vil tilpassast omsynet til ferdselen i sjøen m.a. rutebåt.

Vest for utfyllingsområdet ligg ein kommunal vassleidning, plasseringa vil kartleggjast i detalj og teke omsyn til under arbeida.

### Plantilhøve

Utfyllingsområdet er i kommunedelplan for Røvær avsett til arealføremål fiske. Haugesund kommune har på visse vilkår gitt Røvær Fjordbruk AS dispensasjon<sup>3</sup> frå plankrav og arealføremål i kommunedelplan for Røvær, til bl.a. utfylling i sjø for utviding av landbase.

### *Unntak frå forhandsvarsel*

I samsvar med forureiningsforskrifta § 36-7 *Unntak frå førehandsvarsel* vurderer Fylkesmannen at høyring og offentleg ettersyn i dette tilfellet kan unnlatast. Saka blei godt belyst gjennom høyringsutsegna som kom inn i samband med tiltakshavars søknad om dispensasjon frå arealføremål i plan. Det omsøkte tiltaket er vidare av mindre omfang og vert vurdert å vera av mindre miljømessig tyding, risikoen for partikkelspreiing ut av tiltaksområdet vert vurdert som liten ved utføring i samsvar med fastsette vilkår. Løyvet vert etterhandskunngjort og høyringsinstansar får kopi av dette løyvet.

## **Vurderinga til fylkesmannen**

### Rettsleg grunnlag

Fylkesmannen har vurdert søknaden på bakgrunn av dei forureiningsmessige ulempe ved tiltaket, samanhalde med dei fordelar og ulemper tiltaket elles medfører, jf. forureiningslova §§ 11 og 16. Vurderingstemaet supplerast av krava i vassforskrifta §§ 4-6, og krava i naturmangfaldlova § 7 om at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga etter forureiningslova.

---

<sup>1</sup> [www.temakart-rogaland.no](http://www.temakart-rogaland.no)

<sup>2</sup> Resipientanalyse AS (2017). Vurdering av sediment type ved utfylling i sjø. Datert 20.10.2017.

<sup>3</sup> Haugesund kommune. Rammetillettelse eiendommene 27/42 m.fl. Vedtaksdato 04.09.2017.

### *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar*

Våre vurderingar og krav er basert på prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT), jf. forureiningslova § 2 nr. 3, og naturmangfaldlova § 12 om bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

### *Naturmangfoldlova*

Naturmangfaldlova krev at ei avgjerd òg skal vera grunngjevne ut frå omsynet til naturmangfaldet der dette er relevant. Avgjerder skal anten baserast på vitskapleg kunnskap eller dersom dette ikkje finst, på «føre-var-prinsippet». Naturmangfaldet gjeld bestandsituasjonen til arter, utbreiinga til naturtypar og økologiske tilstand, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskap skal stå i eit rimeleg høve til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

### *Vassforskrifta*

Vassforskrifta fastset miljømål for vassførekomst og deler inn vassførekomst i fem tilstandsklassar. Miljømåla i vassforskrifta § 4 inneber at tilstanden i vassførekomstane skal beskyttast mot forverring, og betrast med mål om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand. Dersom tiltaket fører til at vassførekomsten «Røværøsen» endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føreligge ei forverring. Miljømåla skal nåast, og forverring er ikkje tillate med mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. § 12. Fylkesmannen har difor vurdert om krava i vassforskrifta er til hinder for å gje det planlagde tiltaket løyve etter forureiningslova.

### Miljøpåverknad

#### *Inngrep i viktig naturtype*

Tiltaket er eit direkte inngrep i ein viktig naturtype. Det er innhenta vurderingar av ein uavhengig part på at det ikkje er skjelsandførekomst på den aktuelle undervassflua.

#### *Forureining/partikkelspreiing*

Det er ikkje teke prøver av botnsedimenta i tiltaksområdet for å undersøka grad av forureining, då sjøbotnen i utfyllingsområdet er hardbotn. Dei stadeigne utfyllingsmassane av gabbro er dokumentert reine. Sprengsteinsmassane vil kunna ha noko finstoff, det kan dermed føregå noko partikkelspreiing frå massane. Partiklar frå sprenging er skarpare enn naturlege partiklar, og det er difor anteke at dei har eit større skadepotensial på hud- og gjellesystem til fisk. Partikkelspreiing vil òg kunna føra til minka vasskvalitet mens utfyllingsarbeida pågår. Tiltakshavar planlegg å etablere eit ytre siltgardin. Risikoen for partikkelspreiing ut av tiltaksområdet, vurderast på bakgrunn av det planlagde mildnande tiltaket som liten.

### Samla miljøbelastning

Søknaden omfattar arbeid i sjø som ved utføring kan føra til partikkelspreiing. Partikkelspreiinga vil truleg i hovudsak vera avgrensa til spreining av partiklar frå utfyllingsmassane, sidan det skal vera noko avgrensa med sediment i tiltaksområdet. Partikkelspreiing frå anleggsarbeida kan påverka tilstanden til vassførekomsten i negativ retning, og føra til skade, nedslamming eller ulempe både på fiske og for marine naturtypar slik som skjelsanden. Med eit siltgardin vil det etter vår vurdering vera lite sannsynleg for at omsøkt utfylling vil medføra nemneverdige, varige eller ulemper for fisk, eller nedslamming av skjelsanden så framt arbeida vert utført i samsvar med fastsette vilkår. Ein eventuell verdimink av vassmassane forventast å vera kortvarig og avgrensa til lokalt rundt utfyllingsområdet.

I sin planuttale uttalte Fiskarlaget Vest at utfyllingsarbeida bør gå føre seg i periodar der det ikkje er naturleg at det går føre seg fiske/låsetting i området. Med siltgardinet forventes eventuell partikkelspreiing forringelsen av vassmassane å vera kortvarig og avgrensa til lokalt rundt

utfyllingsområdet. Det vert i vilkåra stilt krav til at siltgardinet skal monterast på ein slik måte at partikkelspreiing ut av tiltaksområdet ikkje skjer.

På bakgrunn av samfunnsnytte, planlagd utføring, varigheita av arbeida i sjø og lokale forhold i tiltaksområdet vurderer Fylkesmannen at det omsøkte tiltaket utgjer liten risiko for forverring av tilstanden til vassførekomsten som heilheit, jf. miljømålet i vassforskrifta § 4, så langt det blir utført i samsvar med fastsette vilkår.

### Metode

Tiltakshavar må dekke kostnader ved å avgrensa eventuell skade på naturmiljø som følgje av tiltaket, jf. naturmangfaldlova § 11. For å hindre partikkelspreiing ut av tiltaksområdet planleggjast det å etablere siltgardin rundt utfyllingsområdet.

Tiltakshavar har ei generell plikt til å unngå forureining, jf. forureiningslova § 7, og må difor kontinuerleg føre tilsyn med at det ikkje finst uventa og/eller unormal forureining som følgje av arbeida.

Ved synleg partikkelspreiing utanfor siltgardinet skal det setjast i verk utbetrande tiltak.

Om det er naudsynt å utføre den avsluttande delen av utfyllinga med lekter, skal det etablerast rutinar for opning og lukking av siltgardinet ved tilkome av lekter.

Fylkesmannen set krav til at den planlagde utfyllinga skal sikrast mot utrasing.

Av omsyn til støynivå set me krav om at arbeida ikkje skal utførast på kveld/nattetid (mellom kl. 19:00 – 07:00), samt søn- og heilagdagane.

### **Konklusjon**

Vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova og vassforskrifta tilseier at naturen i området kan påverkast av tiltaket. Ved avgjerd om løyve skal gjevast og ved fastsettinga av vilkår er det lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket, samanhaltd med dei fordelar og ulemper tiltaket vil kunne medføre. Vurdering av tiltaket etter naturmangfaldet §§ 8-12, jf. § 7 tilseier at det er lite sannsynleg at naturen i området vert nemneverdig påverka av tiltaket. Det er difor ikkje sannsynleg at tiltaket, utført i samsvar med sette fast vilkår, vil gjera ytterlegare skade på naturmangfaldet.

Fylkesmannen finn difor på visse vilkår å kunna gje løyve til den omsøkte utfyllinga i sjø ved 27/42 m.fl., Hillerøya, Røvær, Haugesund kommune. Løyvet er grunngeven i at tiltaket ikkje vil medføre uakseptable miljøpåverknader, og dessutan er det liten risiko for verdimink av vassførekomsten, føresett at tiltaket vert i samsvar med utført sette fast vilkår.

Løyvet er gjeven på grunnlag av opplysningar gjeve i søknad datert 05.09.2017, og opplysningar framkomen under handsaming av søknaden.

### Risikoklasse

Fylkesmannen skal som ein del av handsaminga si av anleggsarbeid ved Hillerøya plassera anleggsarbeida i ein risikoklasse. Risikoklassifiseringa er eit uttrykk for forureiningspotensialet som føreligg, og er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. På bakgrunn av omfanget av arbeida, lokale tilhøve, og dei opplysningane som er kome fram i søknad og sakshandsaming, vert anlegget plassert i risikoklasse 4. Plasseringar i risikoklasse gjev føringar for rutinemessig, formel kontakt mellom tiltakshavar og Fylkesmannen.

## **Vedtak**

Med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og forureiningsforskrifta § 22-6 gjev Fylkesmannen i Rogaland på visse vilkår Røvær Fjordbruk AS løyve til utfylling i sjø på eignedomane 27/42 m.fl., Hillerøya, Haugesund kommune.

Løyvet omfattar utfylling av ca. 15 000 m<sup>3</sup> sprengstein, som samla vil røra eit ca. 2200 m<sup>2</sup> stort sjøbotnareal.

Det vert stilt nedanfor vilkår om tiltak for å avgrensa eventuell forureining, og for å motverka skadar på den marine miljø.

## **Vilkår**

Med heimel i forureiningslova § 16 vert det stilt følgjande vilkår for løyvet. Vilkåra er nummerert for å letta den planlagde rapporteringa, særleg med tanke på avvik.

1. Røvær Fjordbruk AS er ansvarleg for at løyvet blir overhaldt, og pliktar å orientera dei som skal gjennomføre arbeida om dei vilkår som gjeld, samt dei restriksjonar som er lagt på arbeida. Det er vidare tiltakshavar sitt ansvar å sørge for å skaffe alle dei opplysingar som er naudsynte for å gjennomføre arbeida tilfredsstillande og i samsvar med løyvet. Tiltakshavar er og ansvarleg for å gje Fylkesmannen beskjed når arbeida i sjø startar.
2. I samsvar med forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerheitsarbeid i verksemd 06.12.1996 (internkontrollforskrifta), pliktar tiltakshavar å sjå til at det blir etablert internkontroll som sikrar at krava i dette løyvet blir overhaldt, slik at arbeidet kan reviderast. Fylkesmannen skal ha uhindra tilgang til anleggsarbeida, dokument, m.m., for å kunne føre tilsyn med aktivitetane.
3. Arbeida i sjø skal utførast på ein skånsam måte som i best mogleg grad hindrar partikkelspreiing og avgrensar skade/ulempe for natur og miljø:
  - 3.1. Før arbeida byrja på skal det monterast ein partikkelbarriere/siltgardin rundt tiltaksområdet som skal forankrast i botn, den skal vera montert slik at den hindrar partikkelspreiing ut av tiltaksområdet. Det skal gjennomførast dagleg visuell inspeksjon av barrieren for å sikra att den fungerer etter føremålet, inspeksjonen skal loggførast. Barrieren skal ikkje demonterast før min. 8 dagar etter at arbeida er avslutta.
  - 3.2. Dersom det blir naudsynt å nytta lekter til den avsluttande delen av utfyllinga skal det etablerast ein rutinar for opning og lukking ved lektertilkomme.
  - 3.3. Utfyllingsmassane skal bestå av reine sprengsteinmassar, utan avfall (bl.a. plastavfall).
  - 3.4. Fyllingsskråningar skal sikrast mot utrasing, både undervegs i arbeida og etter ferdigstilling av utfyllinga.
  - 3.5. Dersom det oppdagast synleg partikkelspreiing utanfor tiltaksområdet, skal arbeida stansast og tiltak setjast i verk.
  - 3.6. Utfyllinga må ikkje vera til hinder for bruken av fiskeområda, medrekna kaste- og låsettingsplassen.
4. Det skal ikkje vere utfyllingsarbeid mellom kl. 19:00-07:00, samt på søn- og heilagdag .

5. Dersom det blir oppdaga kulturhistorisk materiale (glas, keramikk, vrakdeler, omarbeida flint, etc.) må arbeidet stansast og Museum Stavanger AS og Rogaland fylkeskommune varslast, jf. lov om kulturminne §§ 4 og 14 tredje ledd.
6. Før anleggsarbeida startar må tiltakshavar ha etablert ein beredskapsplan, som skal gjennomførast straks ved hendingar som medfører akutt forureining.
7. Ved avvik frå vilkår i dette løyvet eller andre uventa hendingar som rører ved ytre miljø, er tiltakshavar ansvarleg for at Fylkesmannen blir varsla omgåande.
8. Når arbeidet er ferdig skal tiltakshavar utarbeide ein kort rapport der resultat frå arbeidet blir presentert, og der ein dokumenterer at vilkåra i dette løyvet er oppfylt. Eventuelle avvik skal grunngjevast og dokumenterast. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan 8 veker etter avslutta arbeid.
9. Løyvet gjeld i 2 år frå dags dato.

Me vil understreka at all forureining frå arbeida ved Hillerøya isolert sett er uønskt.

Brot på vilkår i eit løyve medfører straffeansvar etter forureiningslova, jf. § 78. Me gjer oppmerksom på at dette løyvet ikkje frittek for erstatningskrav for eventuelle skadar eller ulemper som følgjer av verksemda, jf. § 53 . For å sikra at avgjerdene i forureiningslova eller løyvet vert overhalden kan forureiningsstyresmakta setja fast tvangsmulkt til staten, jf. forureiningslova § 73.

Me gjer merksam på at løyvet ikkje frittek frå plikter frå anna lovverk.

### **Etterhåndskunngjøring**

Løyvet og søknadsdokumenta vil leggjast ut på internettssidene til Fylkesmannen i Rogaland [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Miljø og klima».

### **Vedtak om gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen si handsaming av søknadar om løyve etter forureiningslova er omfatta av ei gebyrordning, jf. kapittel 39 i forureiningsforskrifta. Varsel om gebyr vart sendt ut 18.10.2017. Det er ikkje motteke kommentar til varselet. Vår handsaming av denne saka har medført ein ressursbruk tilsvarande gebyrsats 6 jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Røvær Fjordbruk AS skal difor betale eit gebyr på **19 700 kr** for Fylkesmannen si handsaming av saka..

### **Klagerett**

Løyvet kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker frå melding om vedtaket er motteke. Ei eventuell, grunngjeven klage skal stilast til Miljødirektoratet og sendast til Fylkesmannen i Rogaland.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvern sjef

Lasse Aase Tønnesen  
ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Lasse Aase Tønnesen  
Saksbehandlar telefon: 51568904  
E-post: [fmrolaa@fylkesmannen.no](mailto:fmrolaa@fylkesmannen.no)

Kopi til:

Fiskeridirektoratet, region sør	Postboks 185 sentrum	5804	Bergen
Fiskarlaget vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Kystverket Vest	pb. 1502	6025	Ålesund
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Stavanger Museum AS	musegata 16	4010	STAVANGER
Alsaker Fjordbruk AS	Flakkavågsvegen 12	5694	ONARHEIM
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger